



Ingeniør Aarland AS
Eidsvågbakken 1
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2301 - 19/25722

Saksbehandlar:

Hanne Marie Evensen

hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:

10.12.2019

Godkjenning - GBNR 27/39 - Endring av gitt tillatelse - Moldekleiv

Administrativt vedtak. Saknr: 307/2019

Ansvarleg søkjar:

Ingeniør Aarland AS

Tiltakshavar:

Sigbjørn Sande

Søknadstype:

Søknad om endring av gitt løyve, jf. pbl §§ 20-1 og 20-2

SAKSUTGREEING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av tidlegare gitt løyve, jf. pbl §§ 20-1 og 20-2. Ansvarleg søkjar har søkt om at vilkår for bruk av anleggsveg, samt tilbakestilling til gangveg på gbnr. 27/41 blir overført til eigar av gbnr. 27/39. Det er samstundes søkt om at ansvarsrettar for bruk av anleggsveg og tilbakestilling skal overførast til Byggmester Sigbjørn Sande AS. Dette gjelder PRO (overordna prosjektering for heile tiltaket), UTF (overordna utførsle av heile tiltaket) og UTF (anleggsveg til fritidsbustad, overta ansvar frå nabo).

I vedtak datert 06.10.2017, saksnr. 228/2017, vart det gitt løyve til riving og oppføring av ny fritidsbustad på gbnr. 27/41, Moldekleiv. Tiltaket vart omsøkt med ein mellombels anleggsveg for frakt av rivingsmassar og material. Det vart sett som vilkår for løyvet at anleggsvegen skal tilbakeførast til dagens situasjon før det vert søkt om mellombels bruksløyve eller ferdigattest for tiltaket.

I vedtak datert 22.01.2018, saksnr. 11/2018, vart det òg gitt løyve til riving og oppføring av ny fritidsbustad på naboeigedomen gbnr. 27/39. Det ble sett same vilkår i dette løyvet om at mellombels anleggsveg vert tilbakeført til dagens situasjon før det vert søkt om mellombels bruksløyve/ferdigattest for tiltaket.

Postadresse


postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no



Det vert elles vist til søknad motteken 02.12.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 02.12.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

VURDERING:

Nabovarsel

Tiltaket er tidlegare nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det er ikkje trong for ny nabovarsling ettersom endringane ikkje får verknad for naboar.

Lov – og planstatus

Eigedomen er i arealdelen til kommuneplanen (KPA) sett av til landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF-område), med status som spreidd fritidsbustad, jf. tabell 9.2 til føresegn 3.2.3 til KPA. Utval for drift og utvikling gav i møte den 05.15.2017, saksnr. 106/2017, dispensasjon frå arealformålet LNF og frå byggjeforbodet i strandsona for riving og oppføring av fritidsbustad.

Omsøkte endringar er i samsvar med tidlegare gitt dispensasjonar. Naudsynt dokumentasjon ligg føre og administrasjonen har ingen merknadar til omsøkte endringar.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 02.12.2019.

Ansvarsrettar

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering av omsøkte endringar går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 02.12.2019. Ansvarleg i byggesaker står inne for at tiltaket er utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-2 løyve til endring av tidlegare gitt løyve for at vilkår for bruk av anleggsveg, samt tilbakestilling til gangveg på gbnr. 27/41 blir overført frå eigar av gbnr. 27/41 til eigar av gbnr. 27/39, som omsøkt.

Det gis samstundes løyve til endring av ansvarsrettar som omsøkt.

Meland kommune føreset at anleggsvegen tilbakeførast og at terrenget vert ført attende før det vert søkt om mellombels bruksløyve eller ferdigattest for tiltaket på gbnr. 27/39».

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 27/41, 27/39 endring av ansvar for anleggsveg

Kopi til:

Sigbjørn Sande

Austre Heiane 6 5918

FREKHAUG

Mottakere:

Ingeniør Aarland AS

Eidsvågbakken 1 5105

EIDSVÅG I ÅSANE